

Referat frå årsmøtet i Leikarringen i Bondeungdomslaget i Oslo

2. mars 2021 - Digitalt - kl. 19:30

Til stades på møtet var 17 personar. 16 oppmøtte hadde røysterett.

Skrivar: Anbjørg Myhra Bergwitz

SAK 1 OPNING AV MØTET

1.1 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: *Innkalling og sakliste godkjent.*

1.2 Val av møteleiar

Vedtak: *Audun Grüner-Hegge vald til møteleiar.*

1.3 Val av skrivar

Vedtak: *Anbjørg Myhra Bergwitz vald til skrivar.*

1.4 Val av to til å skrive under møteboka

Vedtak: *Torbjørn Bergwitz Lauen og Berit Anne Knudsen valde til å skrive under møteboka*

1.5 Val av teljekorps

Vedtak: *Synnøve Bryde vald til teljekorps*

SAK 2 ÅRSMELDING FRÅ LEIKARRINGEN FOR 2018

2.1 Melding frå Styret i Leikarringen

Desse hadde ordet i saka: Berit Anne Knudsen, Audun Grüner-Hegge

Meldinga frå Styret i Leikarringen vart presentert av nestleiar Solveig Brekke Hauknes.

Årsmøtet tok meldinga frå styret til vitande.

2.2 Melding frå Rådet i Leikarringen

Meldinga frå Rådet i Leikarringen vart presentert av medlem i Rådet, Anbjørg Myhra Bergwitz.

Ho kommenterte at meldinga må oppdateres då Rådet ikkje hadde møte 22. februar 2021 slik dei hadde planar om då meldinga vart levert inn.

Årsmøte tok meldinga frå Rådet til vitande, utan kommentarar.

2.3 Melding frå Søndansen

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge

Meldinga frå Søndansen vart presentert av Folke Flateland

Årsmøte tok meldinga frå Søndansen til vitande.

2.4 Melding frå Bunadnemnda

Meldinga frå Bunadnemnda vart presentert av Audun Grüner-Hegge

Årsmøte tok meldinga frå Bunadnemnda til vitande.

SAK 3 REKNESKAP FOR 2020

3.1 Rekneskap & 3.2 Balanse

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Anbjørg Myhra Bergwitz, Hans Petter Holen, Aleksander Breiby Herset, Gyda Gaarder Tøraasen

Rekneskap og balanse vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvvald.

Kommentarar til rekneskapen:

- Stor honnør til styret for god økonomi trass tøft år
- Positivt at vi stødde opp om frilansmusikarar i starten av koronapandemien - syner om gode verdiar i Leikarringen
- Oppmoding om å settje pengane som står på fondskontoen inn i eit faktisk fond
 - Hans Petter, som tidlegare har vore kasserar, informerte at det heiter fond i rekneskapen fordi det var pengar som var avsatt til særskilte formål. Kva dei særskilte formåla var vil ein kunne finne i gamle dokument. Har vore diskutert om man skal sette det i fond tidlegare. Eit innspel kom å om å settje 25-30 % inn i globalt / nasjonalt indeksfond, med mindre ein treng pengane innan 5-10 år.
 - Forslag om at at styret evt. lager eit underlag for investeringar frem mot neste årsmøte

Vedtak: *Årsmøtet tok rekneskapen for 2020 til vitande, med dei nemnde kommentarane over.*

SAK 4 PLANAR

4.1 Planar for 2021

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Ingrid Skrindo, Folke Flateland, Berit Anne Knudsen, Astri Andrea Bjerkem

Planar for 2021 vart lagt fram av leiar Audun Grüner-Hegge.

Kommentarar til planane:

- Veldig bra tiltak med turgruppa, kan være både være turar i mark og i park
- NU feirer 125 år - dei har satt av pengar til lokale markeringar, oppmoding om at Leikarringen i evt. samarbeid med BUL arrangerar noko til hausten til dømes
- Oppmoding om fleire hytteturar, gjerne i regi av Leikarringen
- Nordleik 2021 er avlyst, der hadde nok ein del medlemmer i Leikarringen planar om å dra. Havleik på Færøyana vert truleg gjennomført i 2022. Nordleik i Noreg i 2024 vart òg nemnt.
- Oppmoding om å bleste folkedansen og aktiviteten utover det å bli medlem i Leikarringen. Lage arenaer som er meir ufarlege, og meir synlege. Kanskje Leikarringen kan vere ein foregangsorganisasjon?
- Leikarringen dukker ikkje opp i google-søk mellom anna på engelsk - kan Leikarringen gjere nokre grep for å vere meir synlege?

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes planane for 2021, med dei innspela som er nemnt over.

SAK 5 ENDRING AV STYRINGSFØRESEGNENE

Desse hadde ordet i saka: Torbjørn Bergwitz Lauen, Audun Grüner-Hegge

Saka vart presentert av Anbjørg Myhra Bergwitz

Kommentarar til saka:

- Spørsmål om det er nokon måte ein faller ut av lista? Ja - nokon vel å takke nei til å stå vidare på lista
- Mål for Leikarringen om å skifte ut styremedlemmer med jamne mellomrom for å få kontinuerleg utvikling, det er derfor fint å behalde Rådet som funksjon.

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes styret sitt framlegg til endring av styringsføresegnene

SAK 6 MEDLEMPENGAR FOR 2022

Desse hadde ordet i saka: Anbjørg Myhra Bergwitz

Saka vart presentert av leiar Audun Grüner-Hegge

Vedtak: Årsmøtet vedtok at medlemspengar for 2022 vert ståande uendra.

SAK 8 BUDSJETT FOR 2020

Desse hadde ordet i saka: Audun Grüner-Hegge, Hans Petter Holen, Anbjørg Myhra Bergwitz, Synnøve Bryde, Berit Anne Knudsen, Folke Flateland

Budsjettet vart lagt fram av kasserar Simon Hesselberg Løvald

Kommentarar til budsjettet:

- Bra med realistisk budsjett
- Innspill om bidrag til turgruppa - blestposten
- Innspill om å øke potten til rådveldet
- Torbjørn melder seg til stæsj-gruppa

Framlegg til vedtak:

- 7310 Lysingar, blestarbeid - auke fra 1 000,- til 10 000,- (samrøystes)
- 7730 Rådveldet - auke frå 38 300,- til 60 000,- (samrøystes)

Vedtak: Årsmøtet vedtok samrøystes budsjettet for 2021, med nemnte endringar

SAK 9 VAL

Valet vart gjennomført med dette resultatet:

Styret i Leikarringen:

Leiar (eitt år): Audun Grüner-Hegge

Ein styremedlem (to år): Hallvard Øftsaas

Ein styremedlem (eitt år): Gyda Gaarder Tøraasen

To varamedlemer (eitt år):

1. Astri Andrea Hernes Bjerkem
2. Oda Hernes Johannessen

Ikkje på val i 2021: Simon Hesselberg Løvald

Merk - det var gjort eit unntak frå styringsføresegnene for styremedlem Aleksander Breiby Herset i 2020, han var berre vald for eitt år. Derfor er Gyda berre valt for eitt år.

Bunadnemnda (valt for eitt år):

Åse Wethal Holen, Anne Cathrine Johansen, Sigrid Kjøbli

Rådet i Leikarringen:

Anbjørg Myhra Bergwitz, Karianne Johansen og Steinar Hernes valt for to år.

Rune Hernes Bjerke (ikkje på val) og Anne Cathrine Johansen (ikkje på val)

Valnemnd for 2021 (valt for eitt år):

Torbjørn Bergwitz Lauen, Henrik Kamphus og Anbjørg Myhra Bergwitz

Berit Anne Knudsen

Berit Anne Knudsen (Dec 12, 2021 16:38 GMT+1)

Torbjørn Bergwitz Lauen

Torbjørn Bergwitz Lauen (Dec 12, 2021 17:02 GMT+1)

Dato, underskrift

Dato, underskrift